



Fylkesmannen i Rogaland

# TILSYNSRAPPORT

## - vedtak med pålegg om retting

Elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø

Klepp kommune – Orstad skule

05.10.2020

## **Om tilsynet**

Frå januar 2018 er det innført eit nytt felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet. Tilsynet omfattar offentlege og frittståande skular, og strekk seg over fire år. Tilsyn med elevane sitt skulemiljø er eitt av tema som inngår i det nye felles nasjonale tilsynet.

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til ei styrking av arbeidet med elevane sitt skulemiljø, og av skulane si evne til å førebygge og handtere krenkande åtferd i skulen. Gjennom å undersøke skulane sin praksis, vil moglege brot på regelverket bli avdekka. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krevje at moglege brot på regelverket blir retta.

Eit trygt og godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule, og for realiseringa av føremålet i opplæringslova § 1-1. Manglar ved skulemiljøet kan føre til vantrivnad hjå elevane, og det vil kunne ha direkte verknad for læringsutbytet.

Skulemiljøet handlar om mellommenneskelege forhold. Eit godt psykososialt miljø er grunnleggande for at den einskilde elev skal kunne utvikle seg positivt. Skulen er ein av dei mest sentrale arenaer i barn og ungdom sitt liv. Skulen er staden for læring og utvikling, men utan ei grunnleggande kjensle av tryggleik, tilhørsle og inkludering, vil ikkje læringa få det rette fokuset.

Temaet for tilsynet er skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

## **Innhald**

1	Innleiing .....	3
1.1	Kort om kommunen og skulen.....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	3
1.3	Rektor skal sikre, følgje opp og sørge for .....	4
2	Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.....	5
2.1	Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. ....	5
2.1.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	5
2.1.2	Våre konklusjonar.....	13
2.2	Plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.....	14
2.2.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	14
2.2.2	Våre konklusjonar.....	16
2.3	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak.....	16
2.3.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	16
2.3.2	Våre konklusjonar.....	19
3	Våre reaksjonar .....	20
3.1	Pålegg om retting .....	20
3.2	Oppfølging av pålegga .....	21
4	De har rett til å klage .....	21
	Vedlegg: Liste over dokumentasjon.....	22

# **1 Innleiing**

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## **1.1 Kort om kommunen og skulen**

Klepp kommune er ein kommune med ca.19500 innbyggjarar. Klepp-skulen har rundt 2750 elevar fordelt på 11 skular. Orstad skule er ein 1-10 skule og har 291 elevar og 38 lærarar.

Tilsynet skal vere risikobasert. Fylkesmannen vel derfor ut kommunar og skular til tilsyn på grunnlag av mellom anna tal frå Elevundersøkinga over fleire år, meldte saker til Fylkesmannen etter opplæringslova § 9A-6, meldingar frå elevar/føresette og presseoppslag.

Elevundersøkinga har vist høge mobbetal i kommunen over fleire år, særleg på 7. trinn. Resultata på dei andre indikatorane i Elevundersøkinga er også svake på fleire skular. Kommunen har noko lågare skulebidrag, jf. skulebidragsindikatoren, enn forventa.

Talet på elevar på 7. trinn som opplever mobbing på Orstad skule har over fleire år vore høgt. I resultatet frå Elevundersøkinga hausten 2019 les vi at andre trinn også har forholdsvis høge tal. Fleire trinn skårar også svakt på andre indikatorar som trivsel, felles reglar og meistring.

## **1.2 Om gjennomføringa av tilsynet**

Vi opna tilsyn med Klepp kommune i brev frå 16.01.2020. Skulen vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Elevane sitt skulemiljø er temaet for tilsynet. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Skulen si plikt til å følge med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4
2. Skulen si plikt til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som arbeider på skulen krenker ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-5
3. Skulen si plikt til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4

Våre vurderingar byggjer i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)

- eigenvurdering i Reflex<sup>1</sup>
- informasjon fra våre eigne system og offentlege register
- informasjon på skulen sin nettstad
- intervju med rektor, lærarar, sosiallærar/ass. rektor og miljøterapeut
- Intervju med elevrepresentantar og foreldrerepresentantar

Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Gjennom å undersøkje skulane sin praksis vil eventuelle brot på regelverket avdekkast. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krevje at eventuelle brot på regelverket blir retta. Vi har ikkje sett på korleis skulen oppfyller andre krav i regelverket.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gjev derfor pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 31.08.2020. I den presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. De har ikkje kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 30.09.2020.

## **1.3 Rektor skal sikre, følgje opp og sørge for**

I fleire av kontrollspørsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar», «sørgjer for» og «følgjer opp». Krava om at rektor skal sikre, følgje opp eller sørge for, viser til rektor si plikt til å arbeide systematisk slik at krava i lova blir oppfylte.

### **Rektor skal sikre**

At rektor skal sikre at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøkjer om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skulen eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet, slik at skulen sjølv må operasjonalisere korleis den enkelte skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg følgje opp at dei som jobbar på skulen bruker framgangsmåten i praksis. Dersom skulen ikkje har hatt saker der det har vore nødvendig å bruke framgangsmåten, undersøkjer vi om rektor har gjort det som er nødvendig for at framgangsmåten vil bli følgt, når skulen får ei slik sak.

### **Rektor skal følgje opp**

I nokre tilfelle har ikkje skulen eit handlingsrom for korleis han skal oppfylle kravet, fordi framgangsmåten er gitt. At rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir oppfylt i praksis på skulen. Døme: «Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i samsvar med aktivitetsplanen?» Her er det aktivitetsplanen som viser framgangsmåten, men rektor må følgje opp at det som står i aktivitetsplanen blir gjennomført.

---

<sup>1</sup> RefLex er eit nettbasert verktøy som skal gi barnehagar, barnehagemynde, skular og skuleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med regelverket

### **Rektor skal sørge for**

At rektor skal sørge for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Dette kan gjelde mindre oppgåver eller aktivitetar. Døme: «Sørgjer rektor for at skulen vurderer informasjonen om korleis tiltaka har verka, og tilpassar tiltaka basert på vurderinga og elevens syn?» Det kan i tillegg gjelde større oppgåver der det er unaturleg med ein fast framgangsmåte. Døme: «Jobbar rektor for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit inkluderande og trygt skulemiljø?»

### **Ikkje krav**

Når kontrollspørsmålet ikkje inneholder krav om at rektor skal «sikre», «følgje opp» eller «sørgje for», betyr det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men her vil vi berre vurdere om skulen oppfyller kravet i praksis. Døme: «Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å følgje med og gripe inn, varsle og undersøkje?»

## **2 Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø**

Denne delen omfattar tre deltema

- plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4
- plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som arbeider på skulen krenkjer ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-5
- plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4

### **2.1 Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.**

#### **2.1.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar**

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

#### **Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø**

##### **Rettsleg grunnlag**

Alle som jobbar på skulen, skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. De skal følgje spesielt godt med på sårbare elevar. De

må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skulemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentere korleis de følgjer med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal følgje med, og følgje opp at det blir gjort.

***Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar med ei særskilt sårbarheit?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at dei skal følgje med, og alle som jobbar på skulen skal vere merksame på forhold eller åtferd som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. *Alle som jobbar på skulen inkluderer her både tilsette og dei som yter tenester på skulen, deriblant vaktmeister, reinhaldarar og skulehelsetenesta.* Det kjem fram i intervjuet at reinhaldarane ikkje blir informerte om plikta. Rektor må sørge for ein framgangsmåte som sikrar at *alle* veit at dei skal følgje med, samt følgje opp at dei gjer det. Merk at *alle som jobbar på skulen* er eit krav i fleire av pliktene i aktivitetsplikta. Rektor må sikre at dette blir oppfylt i også dei andre pliktene.

Alle som jobbar på skulen skal også ha eller få kunnskap om kva som *kan vere teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt*. I dokumentet *Plan for et trygt skulemiljø*, heretter omtalt som *Plan*, blir regelverket i § 9A – 4 referert. Kva ein skal sjå etter er ikkje vidare omtalt. I intervjuet finn vi at tilsette veit at dei skal følgje med og at dei i stor grad gjer det. Vi finn samtidig at tilsette er usikre på om teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt har vore tema blant tilsette og andre som jobbar på skulen. Rektor må utarbeide ein framgangsmåte for og forsikre seg om at alle som jobbar på skulen har eller får denne kunnskapen.

Alle som jobbar på skulen skal *følgje spesielt godt med på sårbare elevar*. Det kjem fram i intervjuet at tilsette kan få i oppgåve å følgje med på einskildelevar og at einskildelevar kan vere tema på trinnmøta. Vi får likevel ikkje synleggjort korleis skulen jobbar systematisk med dette eller at ein bestemt framgangsmåte ligg til grunn for arbeidet. Ein føresetnad for å kunne oppfylle kravet, er at rektor må gjere alle som jobbar på skulen *kjende med kva forhold rundt ein elev som kan gjere eleven særskilt sårbar*. Vi finn ikkje omtale av særskilt sårbarheit i dokumentasjonen vi har fått inn. I intervjuet får vi ikkje stadfesta at tilsette får kunnskap om forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar. Rektor sikrar dermed ikkje at dei har kompetanse til å identifisere kven som kan vere særskilt sårbare i skulemiljøet. For å sikre at alle som jobbar på skulen følgjer spesielt godt med på sårbare elevar må rektor utarbeide ein bestemt framgangsmåte, og forsikre seg om at framgangsmåten blir følgt i praksis.

Rektor må bestemme korleis skulen *systematisk skal få informasjon frå elevane* om korleis dei opplever skulemiljøet. Framgangsmåten må gi skulen god nok informasjon om elevane sin trivsel. I *Plan* les vi at eleven si sosiale utvikling skal vere tema i utviklingssamtalane, og at skulen har ei ordning for at elevane kan fortelje til sosiallærar. Vidare står det at Elevundersøkinga og Klassetrivsel.no skal brukast *for å kartlegge og jobbe med den sosiale utviklinga i klassen og for den einskilde elev*. I intervjuet stadfestar rektor og tilsette at det er praksis for å gjennomføre undersøkingane og følgje opp resultata. Det kjem også fram at det blir sett av tid til oppfølgingsarbeidet i PU-tid og på trinna. På det grunnlaget vurderer vi at det er sannsynleg at

skulen i praksis oppfyller kravet om å innhente informasjon systematisk. Vi finn likevel ikkje ein bestemt framgangsmåte som seier noko om når det skal gjerast og kven som har ansvaret, t.d. i form av eit årshjul. Skulen oppfyller derfor ikkje kravet om å *sikre*.

Skulen må også *dokumentere* kva den gjør for å oppfylle krava til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. I intervjuet får vi ulike svar på både om det blir dokumentert og korleis det blir gjort. Skulen sit på mykje informasjon om skulemiljøet frå undersøkingane, men også gjennom eigne observasjonar og ved at elevar og føresette seier frå. Ved å setje informasjonen i eit system, vil skulen m.a. kunne oppdage om noko er gjentakande i miljøet eller om nokon elevar er meir utsette enn andre. Vi finn ikkje at skulen i praksis dokumenterer på ein slik måte.

Rektor må synleggjere ein bestemt framgangsmåte som oppfyller krava i regelverket til å følgje med. For å sikre arbeidet må rektor også følgje opp at praksis er i samsvar med framgangsmåten.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller alle krava i regelverket på dette punktet.

***Har alle som jobbar på skulen kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

Alle har svart ja på dette i Reflex. Rektor stadfestar at han informerer om dette i oppstart av kvart skuleår. I intervjuet kjem det fram at tema har blitt diskutert på avdelingsmøta og at alle er kjende med at dei skal ta utgangspunkt i korleis eleven sjølv opplever at skulemiljøet verkar på eiga helse, trivsel og læring. Vi rår likevel skulen til å *sikre* at dette blir tatt opp med alle som jobbar på skulen ved eksempelvis å leggje det inn i eit årshjul.

Vi vurderer at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

**Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg**

**Rettsleg grunnlag**

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ åtferd, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skulen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel utesenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar.

***Sørgjer rektor for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utesenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, dersom det er mogleg?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

I denne plikta er det krav om at rektor må sørge for at alle som jobbar på skulen kjenner til korleis dei skal gripe inn mot ulike typar krenkingar. Det handlar om kompetanse til å stanse situasjonar som pågår med eksempelvis baksnakking, isolering eller diskriminering. I intervjuet finn vi at slike problemstillingar blir drøfta med kollegiet. Eit døme er at kollegiet har snakka om

kor grensa mellom leik og ugrei leik går, og korleis det skal gripast inn i ulike situasjoner. Vi vurderer at skulen oppfyller dette kravet i regelverket.

Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar. I intervjuet kjem det fram at personalet i stor grad grip inn. Skulen sitt ordensreglement presiserer kva som er krenkande og ulovleg framferd. Samtidig kjem det fram i intervjuet at det er noko ulik praksis for kva det blir gripe inn overfor, samt at det er usikkerheit knytt til om andre arbeidsgrupper som jobbar på skulen grip inn. Det blir heller ikkje stadfesta i intervjuet eller i dokumentasjonen at felles forståing og praksis for nulltoleranse har blitt jobba med. Rektor må sørge for ei felles forståing for regelverket og ein praksis i tråd med dette.

Skulen skal dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å gripe inn mot krenkingar. Rektor seier i intervjuet at det i praksis ikkje alltid blir dokumentert. Det er ikkje synleggjort for oss at skulen dokumenterer kva som blir gjort i dei einskilde tilfella.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Plikta til å varsle rektor**

#### **Rettsleg grunnlag**

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Tilsvarende gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkande, eller der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

Skulen skal dokumentere det dei gjer for å varsle.

#### ***Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?***

### **Våre observasjonar og vurderingar**

Framgangsmåten skulen har for å varsle må sikre at alle som jobbar på skulen varslar. I dei innsende aktivitetsplanane går det fram at det er føresette som har varsle rektor. I *Plan*, under overskrifta Hva gjør vi når vi oppdager .... , står det at det skal *gis informasjon til ledelsen og skolens innsatsteam*. Formuleringa er upresis og sikrar ikkje at varselet når fram. I intervjuet kjem det også fram at tilsette ikkje heilt veit kven dei skal varsle.

Framgangsmåten må også seie noko om terskelen for å varsle. Terskelen for å varsle er ikkje omtalt i *Plan*. I intervjuet kjem det fram at dei tilsette veit dei skal varsle, men at det er ulik forståing av kva saker det skal varslast i. For å sikre at det blir varsle ved mistanke eller kjennskap

til at ein elev ikkje har det trygt og godt, må rektor utarbeide ein bestemt framgangsmåte og forsikre seg om at framgangsmåten blir følgt i praksis.

Skulen skal også dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å varsle rektor. Det er ikkje synleggjort for oss at varsla blir dokumenterte. I intervjuet stadfestar tilsette ulik praksis. Vi vurderer at skulen ikkje har ein bestemt framgangsmåte eller at varsla i praksis blir dokumenterte.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?**

#### **Våre observasjonar og vurderingar**

Skulen sin framgangsmåte for varsling må bestemme kva for saker dei som jobbar på skulen skal varsle om straks, og kor raskt tilsette skal varsle om andre saker til rektor. I intervjuet finn vi at det er ulik forståing og praksis for kor raskt det blir varsla. I *Plan* finn vi ikkje at tidsaspektet i varslinga er omtalt. Vi vurderer at rektor ikkje har ein bestemt framgangsmåte, og at rektor dermed ikkje sikrar at det blir varsla så raskt som saka tilseier.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regleverket på dette punktet.

### **Varslar rektor skuleeigar om alvorlege tilfelle?**

#### **Våre observasjonar og vurderingar**

Rektor svarer ja på dette i Reflex. I intervjuet utdjupar han at han ville ha varsla skuleeigar dersom det er alvorlege saker eller dersom det blir trykka på mobbeknappen. Rektor stadfestar i intervjuet at han har diskutert saker med skuleeigar.

Vi vurderer at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Plikta til å undersøkje alle saker**

#### **Rettsleg grunnlag**

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal de undersøkje saka nærmare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalens. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøkjer saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

**Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?**

**Våre observasjonar og vurderingar**

I Plan finn vi rutinen *Hva gjør vi når vi oppdager mobbing og elever som ikkje har et trygt skolemiljø*, heretter omtalt som rutinen. Rutinen er delt i nivå 1 og nivå 2, og vi forstår at Orstad skule bruker maler og prosedyrer frå [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no). På nettsidene finn vi offentleg, kvalitetssikra informasjon og nettressursar, samt malar for aktivitetsplanar, evaluering og oppfølgingssamtale med elevar. Vi finn ikkje skildringar av rutinar for handtering av saker utover dette.

På nivå 1 les vi at dei tilsette skal *finne ut mer om saken* når dei oppdagar mobbing eller elevar som ikkje har eit trygt skolemiljø. Kontaktlærar har ansvar for å gjennomføre samtale med elev som blir krenka for å undersøkje og informere. Vidare skal kontaktlærar ha samtalar med føresette og andre vaksne på skulen for å *informere vaksne som jobber rundt eleven, og kollegiet på skolen (observasjon i friminutt)*. Finne meir fakta. I Reflex og intervju stadfester dei tilsette at dei undersøkjer saka med samtalar når dei oppdagar at elev var ikkje har det trygt og godt på skulen. Regelverket krev at skulen alltid skal undersøka når dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev har eit utrygt skolemiljø. Framgangsmåten omtaler ikkje *mistanke om*, men i intervjuet med dei tilsette kjem det likevel fram at det er skulen sin praksis. Rektor må sørge for at denne praksisen blir innarbeidd i skulen sin framgangsmåte.

Regelverket krev at undersøkingane skal vere tilstrekkeleg grundige og få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva det er i eleven sine omgjevnader som påverkar eleven si oppleving av skolemiljøet. For å oppnå dette må skulen bruke ulike og varierte måtar å undersøkje på. Framgangsmåten, intervju og Reflex viser at dei tilsette ved Orstad skule i hovudsak nyttar samtalar når dei skal undersøkje ei sak. I intervjuet kjem det fram at nokre tilsette nyttar observasjon i undersøkingane, men dette er ikkje sett i system eller ei forventning frå leiinga. Fylkesmannen meiner at sjølv om samtalar er viktige, både for å undersøkje og for å sikre at elevane blir høyrt, er det ikkje tilstrekkeleg for å undersøkje ei sak.

Utdanningsdirektoratet trekkjer fram observasjon, kartlegging og analyse som relevante måtar å undersøkje på. Fylkesmannen vurderer at framgangsmåten for å undersøkje ikkje sikrar at alle saker blir undersøkt tilstrekkeleg grundig.

Framgangsmåten må sikre at alle involverte elevar blir høyrt i undersøkingane. Rutinen omtalar samtalar med elevane som har blitt krenkte, og STOPP-samtalar med elevar som har krenka. I to av aktivitetsplanane som Fylkesmannen er kjent med, ser vi at involverte elevar har blitt høyrt. I rutinen skal skulen utarbeide aktivitetsplan under punkt 5, altså før samtale med elevar som har krenka. Dermed vil ikkje desse samtalane vere ein del av undersøkingane før skulen utarbeider ein aktivitetsplan. I rutinen les vi under punkt 6: *Gi eleven mulighet til å uttale seg om situasjonen*. Når skulen høyrer involverte elevar skal den som gjennomfører samtalen legge til rette og ufarleggjere samtalen. Ein STOPP-samtale har som føremål å få ein elev til å stoppa med krenkande åtferd, og ein slik samtale er etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg for å høyre ein elev som har krenka andre. Fylkesmannen vil òg peika på bruken av omgrepene krenkar. Involverte elevar må forståast breiare enn krenkar. Elevar kan ha eit utrygt skolemiljø sjølv om andre elevar objektivt sett ikkje har krenka eleven. Involverte elevar kan vere elevar som har observert, er kjent med eleven si oppleving, er ein del av klassemiljøet eller andre grupperingar, eller som på

andre måtar har kjennskap til saka. Vår vurdering er at framgangsmåten ikkje sikrar denne breie forståinga, og dermed sikrar at alle involverte elevar blir høyrte.

Skulen skal dokumentere korleis dei undersøkjer. I rutinen les vi: *Det skal skrives logg fra samtalene og referat fra møter*. I intervju og Reflex kjem det fram at skulen i til ei viss grad har ein praksis for å følgje denne framgangsmåten. Det kjem likevel fram at det er varierande korleis undersøkingane blir dokumenterte, og kva system skulen har for å ta vare på denne dokumentasjonen. Rektor seier sjølv i intervjuet at arkivsystemet er tungvint, og at skulen held på å utarbeide eit system som skal gjere det lettare å dokumentere. Vi vurderer derfor at skulen ikkje i har ein framgangsmåte som i tilstrekkeleg grad sikrar at undersøkingane blir dokumenterte.

Rektor må synleggjere ein bestemt framgangsmåte som oppfyller krava . For å sikre arbeidet må rektor også følgje opp at praksis er i samsvar med framgangsmåten.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka snarast?**

#### **Våre observasjonar og vurderinger**

Framgangsmåten for å undersøkje må sikra at skulen undersøkjer snarast mogleg. I rutinen er ikkje tidsperspektivet omtala, men i Reflex og intervjuet kjem det fram at skulen har ein praksis for å undersøkja same dag eller så snart som råd. Vår vurdering er at skulen har ein tilfredsstillande praksis, men ikkje ein framgangsmåte som sikrar lik praksis blant dei tilsette.

Rektor må sørge for å innarbeide skulen sin praksis i framgangsmåten.

Vår vurdering er at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Plikta til å setje inn eigna tiltak**

#### **Rettsleg grunnlag**

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at skulen kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Dagleg leiar skal sikre at dette blir gjort.

**Sikrar rektor at elevar som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?**

**Våre observasjonar og vurderingar**

På s. 16 i *Plan* les vi: *Kontaktlærer og rektor drøfter videre tiltak på bakgrunn av samtaler med eleven og føresatte.* Framgangsmåten viser ikkje at innhaldet i aktivitetsplanen skal drøftast med elev og føresette før eller etter punkt 5 i *Hva gjør vi når vi oppdager mobbing og elever som ikkje har et trygt skolemiljø*. I Reflex og intervju opplyser dei tilsette oss om at eleven blir tatt med på råd, og at elev og føresette får uttala seg om innhaldet i aktivitetsplanane. Skulen har kan likevel ikkje dokumentera denne praksisen i framgangsmåten eller i aktivitetsplanane Fylkesmannen er kjent med. I rutinen for å følgja opp saker, les vi at skulen har fleire samtalar med eleven undervegs i prosessen. Vi forstår desse samtalane som tryggings- og oppfølgingssamtalar når eleven ikkje har det trygt og godt, då innhaldet er å informera eleven om kva skulen gjer og undersøka korleis eleven har det.

Vi finn ikkje at framgangsmåten omtaler korleis andre elevar skal få uttale seg om korleis tiltak som er retta mot dei påverkar dei, eller at skulen har ein praksis for å gjere det. Rektor må sørge for at framgangsmåten sikrar at alle elevar får uttala seg om tiltak som er retta mot dei, og følgje opp at praksisen er i tråd med framgangsmåten.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

**Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt?**

**Våre observasjonar og vurderingar**

Rutinen omtaler ikkje terskel eller andre kriterium for å setja inn tiltak, og vi forstår rutinen derfor som at skulen alltid skal setje inn tiltak. Intervjuha har likevel ikkje synleggjort at dei tilsette er kjent med rutinen eller at rektor følgjer opp at rutinen blir følgt. Fylkesmannen vurderer derfor at vi ikkje kan vere sikre på at skulen alltid set inn tiltak. Vi vil rá rektor til å forbetre framgangsmåten slik at terskel og andre kriterium for å setja inn tiltak blir omtalt og at framgangsmåten dermed blir tydelegare og lettare å følgje. Rutinen omtaler heller ikkje at plikta til å setje inn tiltak gjeld så lenge eleven har eit utrygt skolemiljø, slik regelverket krev. Rektor må sørge for at framgangsmåten blir endra i tråd med vår vurdering over, at dei tilsette er kjent med denne, og følgje opp at praksis er i tråd med framgangsmåten.

I rutinen les vi at skulen skal utarbeide aktivitetsplan. I aktivitetsplanen skal det gå fram kva tiltak skulen set inn. Både på nivå 1 og nivå 2 er STOPP-samtalar med krenkar og oppfølgingssamtalar med eleven konkrete tiltak i rutinen. Vi er kjent med at Orstad skule har hatt tre aktivitetsplanar sidan lova tredde i kraft august 2017. Både leiinga og dei andre tilsette seier i intervju at skulen set inn tiltak utan å lage aktivitetsplan. Utover desse tre aktivitetsplanane har ikkje skulen synleggjort kva tiltak dei set inn når ein elev ikkje har det trygt og godt. Når skulen set inn tiltak skal det gjerast på bakgrunn av *faglege vurderingar*. Desse vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. I intervjuha kjem det ikkje fram kva faglege vurderingar skulen legg til grunn når dei set inn tiltak, eller kva fagleg kunnskap skulen har om ulike tiltak. Dei faglege vurderingane verkar i stor grad å vere avhengig av den enkelte tilsette sin kompetanse. Fylkesmannen vurderer på bakgrunn av

intervjuer at skulen har ein ad hoc praksis når dei set inn tiltak i skulemiljøsaker. Rektor må sørge for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at skulen gjer fagleg-pedagogiske vurderingar i val av tiltak, og følgje opp at praksis er i tråd med framgangsmåten.

Rutinen omtalar ikkje vurdering av elevens beste. Fylkesmannen vil presisere at elevens beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i korleis skulen arbeider med skulemiljøsaker. Skulen må ha ein fast framgangsmåte for korleis dei vurderer elevens beste når skulen set inn tiltak. Denne vurderinga gjeld òg elevar som tiltak rettar seg direkte mot. Rektor må sørge for at dei tilsette har kompetanse til å gjere slike vurderingar, og følgje opp at framgangsmåten blir følgt.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

## **2.1.2 Våre konklusjonar**

Orstad skule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Alle som jobbar på skulen har kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø
- Rektor varslar skuleeigar om alvorlege tilfelle

Orstad skule oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar med ei særskilt sårbarheit
- Rektor sørger for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utesengjing, isolering, baksnakk, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som sakna tilseier
- Rektor sikrar at skulen undersøkjer sakna når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Rektor sikrar at skulen undersøkjer sakna snarast
- Rektor sikrar at elevar som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen
- Rektor sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt

## **2.2 Plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar**

### **2.2.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar**

Reglane om den skjerpa aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4 og 9 A-5.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen krenkjer ein eller fleire elevar blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

#### **Rettsleg grunnlag**

Alle som jobbar på skulen, skal varsle rektor straks, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skuleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenkjer elevar, skal skuleeigaren få varsel i staden for rektor. De skal dokumentere korleis de varslar.

Kva som er å krenkle, skal de tolke vidt. Det kan vere direkte krenkingar, men også meir indirekte krenkingar som uteslenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle inntrer. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkta, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skuleeigaren om sakta, med mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

***Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar, eller at dei varslar direkte til skuleeigar dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga?***

***Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigar straks?***

#### **Våre observasjonar og vurderingar**

Leinga og tilsette svarer i Reflex og intervju at dei varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett krenkjer ein elev. Dei seier også at dei vil varsle skuleeigar direkte dersom det gjeld ein i skuleleiinga som eventuelt har krenka ein elev. Rektor opplyser at § 9A-5 blir gjennomgått på personalmøte.

§ 9A-5 er ikkje omtalt i *Plan*, men *9A m/kommentarar* er eit eige vedlegg til denne. Her går det klart fram at *varsling skal gå direkte til rektor snarast*. Og telefonnummeret til rektor går også fram av rutinen. Gjeld det nokon i skuleleiinga skal varslinga gå til *skolesjef snarast*. Telefonnummeret til skulesjef er også oppgitt.

Fylkesmannen finn derfor at skulen har ein fastsett framgangsmåte for varsling dersom ein som jobbar på skulen får mistanke eller kjennskap til at ein tilsett krenker ein elev. Varslinga skal også skje straks. Denne framgangsmåten er kjent blant dei tilsette. Det same gjeld dersom det er mistanke om at ein i leiinga har krenka ein elev. Då har skulen ein fastsett framgangsmåte som seier at skuleigar straks skal varslast direkte.

Vi vurderer at skulen oppfyller krava i regelverket på desse punkta.

***Varslar rektor skuleigar straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

Rektor svarer i Reflex at saka vil bli undersøkt før skuleigar blir varsle. Det går fram av vedlegget til *Plan at rektor skal varsle skuleigaren* i desse tilfella, men rutinen seier ikkje at dette skal gjerast straks. Skulen har heller ikkje lagt ved dokumentasjon som viser korleis og kor snart skuleigar blir varsle i slike saker. Rektor seier at dei ikkje har hatt 9A-5 saker på Orstad skule.

Fylkesmannen vil likevel vise til at Elevundersøkinga viser at elevar har meldt frå om slike opplevelingar. Fylkesmannen meiner at skulen ikkje har synleggjort at skuleigar blir varsle *straks* når ein har mistanke eller kjennskap til at tilsette har krenka ein elev.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regleverket på dette punktet.

**Skulen skal undersøkje saka straks**

**Rettsleg grunnlag**

De må undersøkje kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøkjer saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøkje korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilrettelegge og ufarleggjere samtalens. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

***Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar?***

***Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka straks?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

Leiinga svarer i Reflex og intervju at ein vil følgje same praksis for undersøking som ein gjer når det er ein elev som har krenka ein annan elev. Leiinga opplyser at ein ikkje har hatt 9A-5 saker på Orstad skule.

Skulen har ikkje eigen skriftleg rutine eller anna fastsett framgangsmåte for korleis ein skal undersøkje saker der ein har mistanke eller kjennskap til at ein tilsett har krenka ein elev. Fylkesmannen meiner derfor at rektor ikkje har sikra at skulen undersøkjer saka dersom ein har mistanke eller kjennskap til at ein tilsett har krenka ein elev. Dermed har ein heller ikkje sikra at slik undersøking vil skje straks.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på desse punkta.

## **2.2.2 Våre konklusjonar**

Orstad skule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar, eller at dei varslar direkte til skuleeigar dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigar straks

Orstad skule oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor varslar skuleeigar straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar
- Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar
- Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka straks

## **2.3 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak**

### **2.3.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar**

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

#### **Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan**

##### **Rettsleg grunnlag**

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

**Lagar skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak?**

**Våre observasjonar og vurderingar**

Skulen har ein mal for aktivitetsplan. Denne har ein eigen rubrikk som sikrar at kvart av krava til aktivitetsplanen blir ivaretaken. Det går også fram av *Plan* s.16 at skulen skal utarbeide ein aktivitetsplan når ein set inn tiltak i ei sak, og krava til aktivitetsplanen går også fram her. Skulen har på plass mal og rutine, men i intervju kjem det fram at terskelen for å utarbeida aktivitetsplanar ved skulen er for høg. Dei aktivitetsplanane som er utarbeidde er i tråd med lovkrava, men skulen utarbeider ikkje aktivitetsplan i alle saker der ein set inn tiltak.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

**Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen viss dei ber om han?**

**Våre observasjonar og vurderingar**

Rektor opplyser om at når det blir utarbeidd aktivitetsplan blir denne sendt til elev og føresette. Dette blir stadfesta i intervju og svar i Reflex. På det grunnlaget vurderer vi at eleven og foreldra som saka gjeld får aktivitetsplanen tilsendt frå skulen.

Vi vurderer at skulen oppfyller krava i regleverket på dette punktet.

**Skulen skal evaluere og tilpasse tiltaka**

**Rettsleg grunnlag**

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalен. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsette med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skolemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

**Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?**

**Våre observasjonar og vurderingar**

I intervju kjem det fram at leiinga meiner at tiltaka dei set i verk blir gjennomførte. Lærarane svarer at dei er lojale mot tiltaka som er sett i verk.

Skulen har sendt inn lite dokumentasjon som er relevant på dette punktet, og den dokumentasjonen som skulen har lagt ved tydeleggjer ikkje at rektor undervegs har følgt opp at tiltaka har blitt gjennomført. Oppfølging av tiltak i aktivitetsplanar kan til dømes vere eit fast punkt på trinnmøter eller liknande som viser korleis rektor følgjer dette opp undervegs.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

***Sikrar rektor at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønsker?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

Leinga fortel i Reflex og intervju at skulen har evaluering av tiltak i innsatsteam og i møter med elev og føresette. Evaluering kan også gjennomførast på telefon av og til. Fokus er korleis elev og føresette opplever situasjonen. Leinga kjenner til malen for evaluering til Jærskulen, men har ikkje teke denne i bruk. Dei frå skulen som er involverte i saka deltek på evalueringa.

På s. 17 i *Plan* er det sagt ein del om kva som skal skje dersom mobbinga/krunkinga fortset etter at tiltak er gjennomført. Planen har likevel ikkje ei presisering av kva informasjon skulen skal hente inn for å sjå korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka og kva endringar eleven ønsker. Skulen har derfor ikkje ein fastsett framgangsmåte som sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

***Sørgjer rektor for at skulen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka har verka og elevens syn?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

Leing og tilsette svarer i Reflex og intervju at dette blir gjort. I Jærskulen sin mal for evaluering av tiltak i aktivitetsplanar er det eigne punkt som skal sørge for å innhente skulen, eleven og føresette si vurdering av tiltaka. I tillegg er det eit punkt som skal sikre at ein vurderer behovet for nye tiltak, om ein skal vidareføre tiltaka eller avslutte saka.

Skulen nyttar ikkje Jærskulen sin mal, og har heller ikkje synleggjort gjennom referat eller anna dokumentasjon av praksis at dei har evaluert tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis dei har verka og elevens syn. Det heng truleg saman med at fleire tiltak blir iverksett utan at dei blir skrivne inn i ein aktivitetsplan.

Fylkesmannen må derfor leggje til grunn at rektor ikkje sørger for å tilpasse tiltaka på grunnlag av korleis tiltaka har verka og elevens syn.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

***Informerer skulen elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?***

**Våre observasjonar og vurderingar**

I intervju og Reflex kjem det fram at dei tilsette er usikre på om det er fast prosedyre at

informasjon om at det er mogleg å melde sak til Fylkesmannen blir teken opp på foreldremøta. Det kjem fram at tilsette meiner at foreldra nok kunne ha fått betre informasjon om dette.

Det ligg ei lenke til tryggskule.no på heimesida til skulen der føresette kan finne informasjon om hove til å klage saka inn til Fylkesmannen dersom dei opplever at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Rektor seier vidare at dersom det blir utarbeidd ein aktivitetsplan vil dei føresette få informasjon om at det går an å melde saka til Fylkesmannen. Dette går likevel ikkje fram av malen til aktivitetsplan.

Representantane frå FAU seier at dei kjenner til aktivitetsplikta og at dei kan melde sak til Fylkesmannen. Det er delte meiningar om dei har fått informasjon om dette frå skulen eller andre. Dei trur at det kan variere frå trinn til trinn.

Sjølv om skulen har lenkje til informasjon om denne retten på heimesida si, er det ikkje synleggjort at dette blir formidla til føresette og elevar frå skulen si side. Informasjonen på heimesida ligg heller ikkje lett tilgjengeleg. Fylkesmannen meiner derfor at skulen ikkje opplyser elevane og foreldra godt nok.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **2.3.2 Våre konklusjonar**

Orstad skule oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Eleven og foreldra som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skulen viss dei ber om han

Orstad skule oppfyller ikkje regelverket sine krav på disse punkta:

- Skulen lager ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak
- Rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen
- Rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønsker
- Rektor sørger for at skulen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka har verka og elevens syn
- Skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta

## 3 Våre reaksjonar

### 3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

1. **Klepp kommune må sørge for at Orstad skule oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3 og 9 A-4.**

Klepp kommune må i den samanheng sjå til at

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar med ei særskilt sårbarheit
  - Rektor sørger for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utesenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg
  - Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varsler rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
  - Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varsler rektor så raskt som sak tilseier
  - Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
  - Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka snarast
  - Rektor sikrar at elevar som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen
  - Rektor sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt
2. **Klepp kommune må sørge for at Orstad skule oppfyller plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9A-5.**

Klepp kommune må i den samanheng sjå til at

- Rektor varsler skuleeigar straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar
- Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar
- Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka straks

3. **Klepp kommune må sørge for at Orstad skule oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.**

Klepp kommune må i den samanheng sjå til at

- Skulen lager ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak
- Rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen
- Rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønsker
- Rektor sørger for at skulen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka har verka og elevens syn
- Skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta

## 3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15.01.2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## 4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 05.10.2020.

Elisabeth Ur Fjørtoft  
tilsynsleiar

Lina Bryne Larsen

Lars Wetteland

Ragnhild Otto

**Vedlegg: Liste over dokumentasjon**

- Aktivitetsplan – mal
- Aktivitetsplanar – 3 stk
- Evalueringsskjema aktivitetsplan – mal
- Evalueringsskjema aktivitetsplan – 1 stk
- Kapittel 9A – Elevane sitt skolemiljø
- Plan for trygt og godt skolemiljø
- Samtalelogg